



KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 10.02.2017
Stad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Kl.: 08.30 – 11.30
Tilstade: Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), David Pletten Aasgard (medlem), Cyril Marøy (medlem) og Siv Beate Marøy (medlem)
Innkalla:
Revisjon:
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall:

01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

02/17 Godkjenning av møteutskrift

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 14.11.16 var godkjent.

03/17 Skriv og meldingar

a. Årsrapport for 2016, Nordhordland kemnerkontor

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

04/17 Orientering om kommunesamanslåingsprosessen

Kommunane Radøy, Lindås og Meland har vedtatt å slå seg saman og til sommaren 2017 vert dette offisielt vedtatt av Stortinget. For å komme tidleg i gang med planlegginga av prosessen, har kommunestyra i dei tre kommunane vald ei førebuande fellesnemnd.

Sekretariatet orienterte om kommunesamanslåingsprosessen og kva som kan vere særleg relevant for kontrollutvala i ein slik prosess. Det planleggast fellesmøte for kontrollutvala i kommunane Lindås, Meland og Radøy i løpet av våren 2017 med dette som tema.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

05/17 Oppsummering av NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2017

Leiar Arild Tverranger, fast medlem David Pletten Aasgard og sekretariatet deltok på NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2017 og orienterte om konferansen til kontrollutvalet. Ein kan sjå alle presentasjonar på heimesida til NKRF her: http://www.nkrf.no/nkrfs_kontrollutvalgskonferanse_2017/.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

06/17 Årsmelding for kontrollutvalet 2016

Saksvedlegg: Utkast til årsmelding for kontrollutvalet 2016

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for kontrollutvalet 2016 slik den no ligg føre.

07/17 Møteplan for kontrollutvalet 2017

Ein møteplan for året med møtedatoar og faste saker kan vere eit godt verktøy for kontrollutvalet. Det nyttig å sette opp møtedatoar med utgangspunkt i kommunestyret sine møtedatoar.

Kontrollutvalet gjennomgjekk utkast til møteplan for 2017 saman med sekretariatet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplan for 2017 med desse møtedatoane: 5. april, 30. mai, 20. september og 15. november. Det er ønskjeleg å sjå på møteplanen på nytt før hausten.

08/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Kontrollutvalet diskuterte møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

09/17 Eventuelt

A. Ulovleg bygging i kommunen

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek eventuelt til orientering og ønskjer å følgje dette opp på eit seinare møte.

Neste møte i kontrollutvalet er onsdag 5. april kl. 09.00.

Saker til neste møte:

- Årsrekneskap og årsmelding for 2016

Manger, 10. februar 2017


Arild Tveranger/leiar


Tonje Husum Aarland/sekretær